

	Kaupanger Fotball BEREDSKAPSPROSEDYRE	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.10.0
		Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 01.3.2022	Side: 1 av 6

BEREDSKAPSPROSEDYRE



 Kaupanger Fotball BEREDSKAPSPROSEDYRE	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.10.0
	Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 01.3.2022	Side: 2 av 6

1.0 Formål og omfang

Formålet med denne prosedyren er å oppnå ei effektiv handtering av ein beredskapssituasjon som kan føre til ei krise for Kaupanger fotball.

Det er leiar i Kaupanger fotball som er beredskapsleiar og den som avgjer korleis situasjonen skal handterast.

Beredskapsplanen dekkar:

- Alvorleg hending (skade, dødsfall) på reise til/frå trening og kamp
- Alvorleg hending (skade, dødsfall) på trening og kamp og andre arrangement i regi av KIL.
- Saker og hendingar som kan skade klubben sitt omdømme.

2.0 Organisering og leiing

Beredskapsleiar i Kaupanger fotball er leiar Henrik Selvåg mobil +47 902 46 476. Det er leiar av beredskapsgruppa som avgjer når det er krise og når krisegruppa skal møtast.

Når beredskapsgruppa vert kalla inn, så skal medlemmene av beredskapsgruppa varslast på e-post/SMS/telefon.

Det skal også sendast ein SMS til andre relevante personer (medlemmar hovudstyret etc.) dersom beredskapsleiar vurderer det som viktig.

Medlemmane i fotballstyret inngår i beredskapsgruppa:

Namn:	Mobil tlf. Intern mobil	Område
Leiar Henrik Selvåg	902 46 476	Beredskapsleiar
Nestleiar Eirik Menes	957 80 904	Medlem i beredskapsgruppa Nestleiar
Styremedlem Kristoffer Dalaker	948 21 685	Medlem i beredskapsgruppa Herrelag
Styremedlem Ellen Marie Langen	952 14 069	Medlem i beredskapsgruppa Aldersfastlagd
Styremedlem Anja Senneset	926 22 939	Medlem i beredskapsgruppa Arrangement
Styremedlem Morten Timberlid	958 42 661	Medlem i beredskapsgruppa Anlegg
Styremedlem Jonny Skjerven	901 00 849	Medlem i beredskapsgruppa Dommar
Styremedlem Vivian Hilleren	906 59 727	Medlem i beredskapsgruppa Økonomi
Styremedlem Allan Hovland	415 21 605	Medlem i beredskapsgruppa Sponsor

 Kaupanger Fotball BEREDSKAPSPROSEDYRE	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.10.0
	Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 01.3.2022	Side: 3 av 6

3.0 Beredskapsrom

Beredskapsgruppa møter i klubbhuset i Kaupanger Idrettspark.

4.0 Arbeidsoppgåver for beredskapsgruppa

Beredskapsgruppa si oppgåve er å reducere skadeomfanget; handtera situasjonen, og vise i ord og handling at problemet vert teke på alvor til alle målgruppene.

Det skal gjerast ved å:

- Gi beredskapssituasjonen (krisa) førsteprioritet
- Informere alle målgrupper direkte (oppmøte/telefon/e-post)
- Samarbeide med media / myndighetene


#	<i>Oppgåver</i>
1	Få oversikt over situasjonen <ul style="list-style-type: none"> • Kva har skjedd, kva er gjort?
2	Leie arbeidet og delegere ansvar (operativ koordinering, skape struktur, ha oversikt, løyse problem): Gjennomføring av statusmøter: <ul style="list-style-type: none"> • Kort orientering om status • Utarbeiding av få og konkrete fokus- og aksjonspunkt • Gjennomføring – kven gjer kva? • Tid for neste møte
3	Sørg for nok ressursar
4	Sikre at alle interessegrupper (pårørande, andre medlemmar i klubben, media etc.) vert ivaretekne og får den informasjonen som er nødvendig.
5	Sikre logg av hendelsar, tiltak, beslutningar.
6	Hugs å informere alle i beredskapsgruppa undervegs dersom det ikkje vert gjennomført statusmøter.
7	Ta ansvar for å avblåse situasjonen når den er handtert og informer om dette.
8	Evaluerer når situasjonen er handtert.

 Kaupanger Fotball BEREDSKAPSPROSEDYRE	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.10.0
	Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 01.3.2022	Side: 4 av 6

4.1 Praktisk beredskapsleiing

Modellen nedanfor illustrerer hovudelementa for organisering av praktisk beredskapsleiing.

- Beredskapsgruppa vert kalla inn til møte
- Kort orientering om status
- Utarbeiding av få og konkrete fokus- og aksjonspunkt
- Gjennomføring
- Neste statusmøte etc.



4.2 Statusmøter

For at beredskapsgruppa skal vere i stand til å gjennomføre effektive *statusmøter* må dei vere godt strukturert. Det er viktig at statusmøta ikkje varer lenger enn absolutt nødvendig og at dei vert gjennomført i ein stram regi. Hugs at medan møta pågår stoppar i praksis beredskapshandteringa opp. Det er derfor viktig at alle er konsentrert om sjølve møtet og ikkje driv med andre ting som t.d. å snakke i telefonen.

Dagsorden for statusmøter er:


Statusmøte

1. Oppdatering om situasjonen
2. Vurdering av alternativer
3. Bestemme 3-4 fokusområde
4. Utarbeide aksjonar for kvart fokusområde
5. Tid for neste møte (Om 30-45 min)
6. Iverksetting

 Kaupanger Fotball BEREDSKAPSPROSEDYRE	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.10.0
	Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 01.3.2022	Side: 5 av 6

4.3 Strategiske vs. operative forhold

Hendelses- og beredskapshandtering er eit samspel mellom strategiske vurderingar og operativ handtering av konkrete hendingar:



Strategiske forhold: Vere eit steg framfor situasjonen, vurdere verst tenkelege utfall og korleis vi skal handtere desse.

Operative forhold: Skaffe seg best mogleg oversikt for å kunne fatte rette beslutningar og allokere tilstrekkeleg med ressursar.

Psykososial støtte: Ta vare på menneske som direkte eller indirekte er berørte.

Media og kommunikasjon: Intern og ekstern kommunikasjon.

 Kaupanger Fotball BEREDSKAPSPROSEDYRE	Ansvarleg: Leiar fotball	Versjon: 6.0	Dok.nr: KIL.10.0
	Godkjent av: Fotballstyret	Gyldig frå: 01.3.2022	Side: 6 av 6

5.0 Slik kommuniserer vi

Det er viktig at Kaupanger fotball tek kontroll over situasjonen så det ikkje er media eller nokon andre som gjer det. For å få til dette er beredskapsgruppa si første oppgave å fastsette kva det er som har hent, kven som er innblanda, kor alvorleg det er og kva Kaupanger fotball kan gjere.

5.1 Lage kommunikasjonsmateriell

Eit av dei første tiltaka etter at hendinga har inntruffe, er å sørge for at nokon begynner å lage budskap som kan brukast mot media. Så fort som mogleg, helst innan 30 minutt etter at beredskapsgruppa er samla, bør det vere laga ei pressemelding, eit faktaark og eit spørsmål og svar-ark som kan brukast i kontakt med media.

Spørsmål som vi må ha svar på er:

- Kva har skjedd?
- Kven er involvert?
- Korleis skjedde det?
- Når skjedde det?
- Kva gjer Kaupanger fotball no?

Ei beredskapsleiing har sjeldan den fulle oversikt når media tek kontakt første gong, men det er viktig å gå ut med det ein veit før andre gjer det. På den måten vil KIL kunne få best mogleg kontroll på situasjonen.

Ved ulukker er det politiet vi henviser media til.